NABOSJAKK

Nabosjakk, kva er det for slag
Når ein samlar 2 slike gode ord i lag.
Sjakk er kjekt, men for å få da te
Er det greitt å ha nokon å spela med.

Og kvifor ikkje naboen din
Ta fram brikkene og invitera han inn.
Eg likar personleg bøndene best
Når dei samarbeider og feler ein hest.

Naboen er ein dekel og smi
Han legg seg snøgt etter dronninga mi.
Han angrip meg med ei brikke om gongen
Men bøndene mine, dei passar på kongen.

Me sit i ro, men er spente og svette
Det utspelar seg ein liten krig på brette'.
Naboen seier sjakk, godnatt og hade'
Men eg overrumplar han med ein lang rokade.

Plutseleg er det eg som er i tet
Eg har sett den dumme hesten hans i forlegenhet.
Og naboen min blir sur så ei potta
Når eg tar dronningo hans med bonden min på d8.

Han flyttar irritert tårnet sitt eit hakk
Og brått er et eg som har sett han i sjakk.
Han står klar for å ta hesten sin fatt
Før han innser at han er heilt matt.

Han har kanskje trekk som er innstuderte og fine
Men eg sette han ut av spel med bøndene mine.
Me diskuterer ei stund det tapte slag
Han seier han lærte noko av bøndene i dag.

Det er stor visdom i eit parti med sjakk
Det kan hjelpa å jekka deg ned eit hakk.
Her må all titlar og fine tituleringar vike
-når me startar med fullt brett er me alle like.

Arne Torget